



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Vest Politidistrikt
v/ Bjørn Helge Skurtveit

06.11.2023

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
28-23

28-23 Søknad om øvingsplan for Luster RKH 2024-2027 - høyringsuttale

Søknaden:

Luster RKH har søkt om øvingsaktivitet med bruk av snøscooter for 2024-2027.

Vurdering

Generelt:

Røde Kors gjer ein viktig jobb, villreinnemnda er positive til at det blir lagt til rette for øvingar i regi av Røde Kors. Villreinnemnda ynskjer primært at øvingane blir lagt utanom villreinområda. I dei tilfelle det er avgjerande for Røde Kors å ha øvingar innanfor villreinområda bør dei bli lagt til ei tid på året da villrein ikkje oppheld seg i det området (jf sesongvis arealbruk).

Når det gjeld køyring med mange snøskuterar er det betre å køyre mange samstundes, enn at det kjem ein og ein skuter over ein lang periode.

Det er viktig at Røde Kors tar omsyn om dei eventuelt skulle treffe på villrein under køyringa. Halde god avstand og eventuelt passere dei på le side. Det er ynskjeleg at Skjåk RKH har kontakt med SNO og/eller villreikutvalet i forkant av øvinga for å få oppdatert informasjon om kor villrein oppheld seg slik at dei kan tilpasse øvingsrute for å unngå villrein.

Det er positivt om ulike lokalforeingar kan samarbeide og gjennomføre felles øvingar i grenseområda. Det er betre med t.d. ei større øving ei helg enn mindre øvingar to påfølgjande helgar.

Villrein er sårbar for forstyrning på vinter og vår. Det er ein periode som kan vera energikrevjande for villrein og det kan vera vanskelege tilhøve for å skaffe mat. På slutten av denne perioden kjem det både trekk mot kalvingsområde og mot sommarbeiteområde. Det er viktig å unngå forstyrning i desse periodane og i område som er viktige trekkpassasjer. **Dersom mykje av øvingsaktiviteten er ferdig innan utgangen av mars, vil ein i stor grad unngå forstyrning av både trekk og kalvingsområde.**

Spesielt for grenseområda mellom Skjåk og Luster: Normalt oppheld villrein seg nord for Lundadalen i Skjåk på vinterbeite. På våren trekker bukkane sør-vestover. Det er ynskjeleg med auka arealbruk sørvestover mot og inn i Luster i dei områda villrein har brukt aktiv i tidlegare tider. Det er derfor viktig å unngå å forstyrre villrein på trekk sørvestover på våren. I grenseområda Skjåk- Luster (t.d. Nørdestedalseier, Medalsbu, Sota sæter) bør ein prøve å få til øvingane så tidleg som mogleg på vinteren, helst innan utgangen av mars. Villreikutvalet i vårt område gjer normalt villreinteljing i

januar-februar. Vinteren 2014 vart det ikkje teljing før 27. mars. Da hadde allereie 166 dyr kryssa Lundadalen og vart observert ved Hesthøe. Øving i april i desse områda bør ein ikkje tillate.

I Reinheimen-Breheimen gjeld det spesielle omsyn til villrein (med øving tidleg på vinteren) for ID 11, 12, 16 og 19.

Helsing

Johan Berge
Leiar



Tor Taraldsrud
Sekretær